



Ordførarkandidat Kjell Yri (bak) saman med dei neste på lista: Resy Aak Toresen, Håvard Bakke og Kristin Tufta Kirknes

**Uskedalen er solid representert på, listene til valet neste måndag, men det er berre ein ordførarkandidat frå vår bygd. Det er Kjell Yri (56), til dagleg IT-konsulent i kommunen og ein veteran i Venstre..**

**Valgpresentasjonen fortel at han er oppteken av skule, folkehelse og omsorg, av forvaltning av kommunen sine ressursar til beste for fellesskapet, samferdsle og næringsutvikling.**

Når det gjeld forvaltningen av ressursane har han reagert på det som er sagt om at kraftfondet framleis nyttast til gambling. Han visar til at fondet alt har skapt mange arbeidsplassar

i kommunen. og hevdar at drifta ikkje er så dårleg som rådmannen skrik opp om. Dette handlar mest om taktikk, meiner Yri.

Med omsyn til næringsføremål og arbeidsplassar er det ikkje noko som skiljer partia. Alle ynskjer mest mogeleg arbeidsplassar til kommunen, meiner Yri.

Venstre skil seg framleis frå dei andre parti ved at dei vil redusera skuletalet og Yri strekar under at for partiet hans er skulen fyrst og fremst til for elevane.

Han er og oppteken av at Husnes blir utvikla som ein urban plass og regionsenter.

Ordførarkandidaten er ellers for småkraftverk, men ikkje dersom prosjekta kjem i konflikt med naturvern.

Under valmøtet i Rosendal inngjekk han eit veddemål med møteleiar Thomas Bruvik om at han skal gå frå Uskedalen til Rosendal hvis Venstre får inn ein i kommunestyret frå Rosendal-området og innover.

Om den såkalla Naustloftavtalen seier Yri at partiet ikkje vil inngå ei ny slik avtale fordi den har hemma partiet ganske mykje. Han og partiet har som mål å behalda 5 i kommunestyret eller til og med auka representasjonen. 5 av dei 30 på Venstrelista er frå Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen